





Ei ånd fangar deg

- om hmong, møte og moderne medisin



g og du fell ned



■ LISBETH HOMLONG *redaktør og stipendiat ved Institutt for helse og samfunn*

Ein arbeidsdag på legesenteret er full av møte. Før eg har kome så langt, er møtet med kaffikoppen på kjøkkenbenken eit nødvendig og kjærkome møte. Dessutan eit altfor kort møte med dagens avis. Møtet med borna når dei står opp og eg skal få dei av garde i barnehagen. Krangling om påkledning, tannpuss og innhaldet i matpakken. Møte med vëret, årstidene. På sommarstid ofte lågt skydekke, regn og 15 grader, men av og til møter eg ei lun, kjærteiknande sommarsol idet eg opnar ytterdøra. Om vinteren eit ublidt møte med kulden, og ein nedsnøva eller nedisa bil. På legesenteret treff eg personalet, men ikkje alltid kollegane. Dei er gjerne i gang med dagens dont. Timeboka møter meg når eg opnar Infodoc – her står det allereie 15–20 namn som eg veit eg skal møte, andlet til andlet, i løpet av dagen. Menneske i ulike aldrar, born, kvinner, menn, etnisk norske, nordlendingar, sørlendingar, bergenserar, irakiske kurdarar, somaliske kvinner, statslause palestinarar, pakistanarar, uigurar frå Kina, kanskje ein svenske og ein sjeldan gong også ein amerikanar. Innimellom telefonmøter med heimesjukepleien, sosialtenesta, NAV. Av og til dialogmøter og samarbeidsmøter. Sjukebesøket hos den sjuke gamle. Pasienten sitt territorium. Her møter eg ein heim, dei pårørande. Den unike lukta av det private, av og til framand, andre gongar merkeleg kjent.

Som allmennelege møter du sjuke, friske, plaga, engstelege, deprimerte, trøyte, slappe, febrile. Brystsmerter, magesmerter, hoste, snue, utflod, utslett, kløe, fotvorter og føflekkar. Det er krav og behov. Av og til kan det vere overveldande, du jobbar motstraums og slit med å halde hovudet over vatnet. Andre gongar går det unna, du er effektiv, ting vert gjort, du flyter. Av og til kan det vere magisk, det slår gneistar, det er som usynlege kraftlinjer i lufta.

Ein møter også seg sjølv. Og ein kan møte seg sjølv i døra. For legen er møtet med kvar pasient eit av mange – for pasienten er møtet unikt. Det må vi hugse på. Som fastlege er det ikkje lett å vere på topp alltid, mange har sikkert vandra skuffa ut av kontordøra mi, møtet har ikkje svart til forventningane. Ei anna sak er mange vonbrotne pasientar som etter lang ventetid endeleg har kome til hos spesialist. Dei har hatt store forhåpningar, men har fått lite tid og ikkje følt seg sett. Ofte bestiller dei time hos meg i etterkant for å få svar på

kva spesialisten egentleg fann ut, dei har ikkje fått det med seg. Studiar har vist at i løpet av legestudiet, så vert studentane mindre empatiske enn dei var i utgangspunktet.

I ei fersk doktorgrad frå Universitetet i Tromsø, har forskaren Kari Agledahl funne at legen i møtet med pasienten systematisk lukkar vekk det personlege, det menneskelege. Legane er høflege og hyggelege, men dei objektifiserer pasienten. Er legane klar over at dette er eit moralsk overtramp, undrar Agledahl? Er det kanskje ein meistringsstrategi?

Boka «*The spirit catches you and you fall down*» av den amerikanske forfattaren Anne Fadiman handlar om eit møte mellom amerikansk, høgt teknologisk helsevesen og eit barn med alvorleg epilepsi. Dette barnet og familien hennar tilhøyrer hmong-folket, ei folkegruppe som i hundrevis av år har halde til i fjellområde i sørlege delar av Kina, i Laos, Thailand og Vietnam. Mange lever framleis under primitive forhold i avsidesliggjande fjellandsbyar, dei bur i hytter med jordgolv og livnær seg delvis ved å drive eige jordbruk.

Gjennom historia har dei stadig opplevd følgjande og folkevandring. Under Vietnamkrigen vart menn frå Hmong-folket i Laos trent som geriljasoldatar i ein hemmeleg aksjon i regi av CIA og brukt i kampen mot dei nord-vietnamsiske styrkane. Meir enn 100 000 menneske frå hmong-folket mista livet. Då krigen slutta og Laos vart overteke av eit kommunistisk styresett, måtte dei flykte frå landet og mange hamna som flyktingar i USA. Fram til slutten av 90-talet nekta amerikanske styresmakter framleis for at denne hemmelege operasjonen hadde gått føre seg. Boka tek for seg historia til dette folket og følgjer spesielt ei stor gruppe hmong som er busette i byen Merced i California.

Lia Lee var nest yngst i ein syskenflokk på åtte (opprinneleg fjorten, seks born døyde før familien flykta frå Laos til USA). Lia var eit spesielt høgt elska barn, kanskje mest på grunn sjukdomen som ramma ho. Tre månader gammal fekk ho sitt første epileptiske krampefall. Dette var starten på ei lang, tung og alvorleg sjukehistorie som enda i ein tragedie. Både foreldra og legane som behandla Lia, ville det beste for barnet, men kanskje uoverstigelege barrierer i språk og kultur, gjorde det vanskeleg for alle partar.

I møtet med Fadiman si bok merka eg raskt at sympatien min lenge låg hos «mi» side av partane, nemleg helsevesenet. Som beinhard rasjonalist med beina kanskje for godt planta, om ikkje grodd fast, i jorda, er det vanskeleg for meg å forholde meg til forklaringsmodellar for sjukdom som handlar om tap av sjel og åtak frå vonde ånder. Hmong-folket sitt religiøse utgangspunkt er shamanistisk animisme og epilepsi vert kalla *quaug dab peg*, på norsk «ei ånd fangar deg og du fell ned». Mange av hmong-

folket trur at epileptikarar er spesielt utvalde, dei vert sett opp til og tillagt spesielle helbredande krefter. I behandling av sjukdom, bruker dei mykje urter, dessutan rituelle dyreofringar – dette er skikkar dei i større eller mindre grad også har tatt med seg til USA. Invasiv medisinsk behandling kan vere skremmande fordi dei fryktar at sjela går tapt under slike prosedyrer.

Etter kvart som historia vert fortalt og dei ulike perspektiva vist fram, merka eg at forståinga mi for den andre sida, Lia og familien hennar, steig, trass i at dei ikkje klarte å følgje opp medisineringa av barnet, noko som fekk katastrofale følgjer. Sjølv om legane på Merced Community Medical Center gjorde det som dei med sitt utgangspunkt trudde var det beste for barnet, viste det seg at dersom dei undervegs hadde tatt større omsyn til språkbarrieren og den enorme ulikskapen i forståingsmodellar, så hadde kanskje utfallet vorte annleis.

Arthur Kleinman, psykiater og medisinsk antropolog ved Harvard Medical School har gitt oss ei liste med åtte spørsmål som er designa for å forstå kulturforskjellar og finne ut kor pasienten står når det gjeld forklaringsmodellar rundt helse og sjukdom, svara frå Lia sine foreldre i kursiv:

1. Kva kallar du problemet? *Quaug dab peg.*
2. Kva trur du har forårsaka problemet? *Tap av sjel.*
3. Kvifor trur du det starta når det gjorde? *Lia si syster smelte ei dør igjen, Lia si sjel vart redd og flykta frå kroppen hennar.*
4. Kva trur du sjukdomen fører til? Korleis virkar den? *Lia ristar og fell ned. Dette fordi ei ånd, dab, fangar henne.*
5. Kor alvorleg er sjukdomen? Vil den går over raskt eller vare lenge? Kvifor spør du om dette? *Dersom du er ein dyktig lege, veit du svaret sjølv.*
6. Kva type behandling meiner du pasienten bør få? Kva håper du vil vere det viktigaste resultatet av denne behandlinga? *Lia bør få ein medisin som ho kan ta i ei veke, ikkje lengre. Når ho vert frisk, kan ho slutte. Ho må også få urtemedisin og det må ofrast grisar og kyllingar. Vi ønskjer at Lia skal vere frisk, men vi er usikre på om vi bør stoppe ristinga for alltid, for dette gjer ho spesiell i vår kultur og kanskje kan ho bli sjaman når ho blir vaksnen.*
7. Kva slags hovudproblem har sjukdomen forårsaka? *Det har gjort oss triste å sjå at Lia har det vondt, og vi har blitt sinte på helse-vesenet.*
8. Kva fryktar du mest ved sjukdomen? *At Lia si sjel aldri kjem tilbake.*

Poenget her er sjølvsagt ikkje at ein skal akseptere familien sin ståstad, men dersom ein ikkje innhentat informasjon om dette og heller ikkje sikrar seg at foreldra på nokon måte har forstått det moderne helsevesenet sin ståstad, så blir det kollisjon.

I vår norske kvardag er det vel sjeldan at kulturkollisjonen blir så dramatisk som i dette spesielle tilfellet, men i eit stadig meir multikulturelt samfunn, og også i møtet mellom menneske med tilsynelatande lik kulturbakgrunn, kan vi alle gå på ein smell. Kvar enkelt sjukdom er ikkje berre eit sett av patologiske funn, seier Arthur Kleinman, men ei personleg historie, eit narrativ. Her kan det passe å vende tilbake til Agledahl og hennar observasjonar av møte mellom lege og pasient, der alt kjenslemessig, eksistensielt og personleg blir lagt til side – i beste mening – for å hjelpe pasienten medisinsk.

Som fastlege kan ein håpe og tru at dette ikkje gjeld ein sjølv, men i kvardagen på legesenteret med alle sine møter, der ein skal forsøke å nullstille seg for kvar pasient, vere empatiske, lyttande, lydhør – samtidig stillt diagnosar, behandle, lindre, trøyste. Det er mange ballar i lufta og ein kan vel vanskeleg lukkast kvar gong.

Anne Fadiman skildrar i starten av «*The spirit catches you and you fall down*» ein tradisjon der hmong-folket etter at borna deira er fødte, gravleggjer morkaka i jordgolvet i huset sitt. Ordet for morkake hos hmong-folket betyr jakke. Den er eins første og finaste klesplagg. Når ein hmong dør, må sjela vandre tilbake, frå plass til plass, inntil ho finn staden der morkake-jakka er gravlagt og ta ho på. Dersom sjela ikkje finn igjen jakka, er ho dømd til å vandre rundt i all æve, naken og åleine.

Etter å ha kome eit godt stykke på veg i Fadiman si bok, fornemma eg at det var noko merkeleg kjent med korleis hmong-folket vart skildra. Korleis dei framstod, klesdraktene, skildringa av levetilhøva deira i Sørøst-Asia. Eg hadde møtt dei sjølv! Tilbake midt på 90-talet reiste eg som backpacker rundt Asia. I Vietnam, besøkte eg fleire avsidesliggjande fjellandsbyar i nærleiken av byen SaPa nord i Vietnam. Til laurdagsmarknaden i SaPa kom hmong-folk ned frå fjella for å selje klede, smykker og kunsthåndverk til turistane. Eg hugsar godt dei primitive hyttene med jordgolv. Her budde spesielt vakre og stolte folk kledd i forseggjorte, broderte drakter. Og kanskje var det sjeler på vandring på veg til nettopp det jordgolvet eg stod på nær SaPa i Vietnam i 1996? Og kva er egentleg viktigast; livet eller sjela? For meg kjem livet utan tvil først. Men slik er det ikkje for alle.

KJELDE

Fadiman, Anne: «*The Spirit Catches You and You Fall Down: A Hmong Child, Her American Doctors, and the Collision of Two Cultures*», Farrar, Straus and Giroux, New York, 1998.

lisbeth.homlong@hotmail.com